



# Innst. S. nr. 37

## (2002-2003)

### Innstilling til Stortinget frå samferdselskomiteen

St.prp. nr. 9 (2002-2003)

#### **Innstilling frå samferdselskomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 56/2002 av 31. mai 2002 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2001/96/EF om fastsetjing av harmoniserte krav og framgangsmåtar for sikker lasting og lossing av bulkskip**

Til Stortinget

#### **SAMANDRAG**

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 56/2002 av 31. mai 2002 vart EØS-avtala endra ved at det i vedlegg XIII punkt 56 k (Transport) vart teke inn ei tilvising til europaparlaments- og råddsdirektiv 2001/96/EF av 4. desember 2001 om fastsetjing av harmoniserte krav og framgangsmåtar for sikker lasting og lossing av bulkskip.

Føremålet med direktivet er å styrkje tryggleiken for bulkskip som legg til ved terminalar for å laste eller losse faste bulklaster/tørrbulk, ved å redusere risikoen for store påkjennningar og fysisk skade på konstruksjonen til skipet under lasting eller lossing. Direktivet inneholder bindande rettsreglar om lasting og lossing av tørrbulkskip.

Gjennomføringa av direktivet i norsk rett krev ei endring av hamne- og farvasslova, og terminaloperatørane skal setje i verk kvalitetssikringssystem som sikrar at mellom anna leing og drift av terminalane vert planlagt, utført og jamnleg evaluert i medhald av spesifikke kvalitetskrav.

Fiskeridepartementet vil fremje ein eigen odelstingsproposisjon for Stortinget med framlegg om naudsynte lovendringar.

Den nye tilsynsfunksjonen vil kunne føre med seg noko auka økonomiske ressursar, som ein tek sikte på å dekke innan dei gjeldande rammene til Kystverket.

Utanrikskomiteen har i brev av 20. november 2002 meddelt at komiteen har ingen merknader.

#### **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

#### **v e d t a k :**

Stortinget samtykkjer i godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 56/2002 av 31. mai 2002 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2001/96/EF om fastsetjing av harmoniserte krav og framgangsmåtar for sikker lasting og lossing av bulkskip.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 21. november 2002

**Petter Løvik**  
leiar

**Heidi Sørensen**  
ordførar

**Geir-Ketil Hansen**  
sekretær